



Utval:	Ungdomsrådet
Møtestad:	Kantina, Midsund kommunehus
Dato:	02.03.2017
Tid:	19:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/6	Godkjenning av innkalling	
PS 17/7	Godkjenning av saksliste	
PS 17/8	Godkjenning av protokoll	
PS 17/9	Referatsaker	
PS 17/10	Vedtekter Midsund Ungdomsråd	2017/93

Kommuneplanleggjar Elin-Grete Vatnehol vil orientere om Antonbua og Midsund sentrum. Opplæring av ungdomsråd inkl. vararepresentantar.

Midsund 28.02.2017

Siril Ræstad
Leiar


Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekretær

PS 17/6 Godkjenning av innkalling

PS 17/7 Godkjenning av saksliste

PS 17/8 Godkjenning av protokoll

PS 17/9 Referatsaker



Utval:	Ungdomsrådet
Møtestad:	Kantina, Midsund Kommunehus
Dato:	26.01.2017
Tid:	19:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Siril Ræstad	LEIAR	
Simon Sandnes	NESTL	
Julie Todal	MEDL	
Andrea Hånes	MEDL	
Viktor Heggdal Lyster	MEDL	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
------	----------	-------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Helge Gangstad	Ordførar
Elin-Grete Vatnehol	Kommuneplanleggjar
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Siril Ræstad

Simon Sandnes

Julie Todal

Andrea Hånes

Viktor Heggdal Lyster

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/1	Godkjenning av innkalling	
PS 17/2	Godkjenning av saksliste	
PS 17/3	Godkjenning av protokoll	
PS 17/4	Referatsaker	
PS 17/5	Årsmelding 2016 - Ungdomsrådet	2017/35

Det vart halde møte i Ungdomsrådet den 26.01.17 i Kantina på Kommunehuset.
Møtet vart leia av Siril Ræstad og tok til kl 19:00.
Det var 5 voterande og rådet var fulltaleg og vedtaksfør.

Elin-Grete Vatnehol orienterte om Interkommunal plan for Romsdalsfjorden. Plan ligg ute til høyring til 10. Mars og Ungdomsrådet ønskjer å kome tilbake med innspel i neste møte.

Ordførar Odd Helge Gangstad orienterte om:
Status «Heim for ein 50-lapp».
Kommunereform. Ønskjer at ungdomsrådet samarbeider med ungdomsråd frå Molde og Nesset.

Buss og ferjeruter.

Det har vert endringar i buss og ferjetilbodet frå den 1. januar og det har ført til ein del endringar. Det vart diskutert kva dette har ført til og ein vart oppfordra om å kome med innspel både til ordførar og til Simon Sandnes, som sit i Ungdomspanelet i Møre og Romsdal.

Det vart avtale at til neste møte skal ungdomsrådet sjå på følgjande:
Forslag til nye/ reviderte vedtekter for ungdomsrådet.
Opplæring av folkevalde, der varamedlemmar også vert innkalla.

PS 17/1 Godkjenning av innkalling

Samrøystes vedtak i Ungdomsrådet - 26.01.2017

Saksprotokoll vert godkjent.

PS 17/2 Godkjenning av saksliste

Samrøystes vedtak i Ungdomsrådet - 26.01.2017

Sakliste vert godkjent.

PS 17/3 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Ungdomsrådet - 26.01.2017

Protokoll frå møte den 08.12.16 vert godkjent.

PS 17/4 Referatsaker

PS 17/5 Årsmelding 2016 - Ungdomsrådet

Forslag til vedtak:

Årsmeldinga for 2016 frå ungdomsrådet vert godkjent.

Samrøystes vedtak i Ungdomsrådet - 26.01.2017

Årsmeldinga for 2016 frå ungdomsrådet vert godkjent.

Møtet vart heva kl 20:30.



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2017/93-2

Arkiv:

Saksbeh: Malvin Gjendem
Bjørnerem

Dato: 21.02.2017

Saksframlegg

Vedtekter Midsund Ungdomsråd

Utvallsak	Utval	Møtedato
17/10	Ungdomsrådet	02.03.2017
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Vedtekter for Midsund Ungdomsråd vert godkjent.

Saksutgreiing:

I kommunestyremøte 17.02.2005 sak 05/005 vart vedtektene for Midsund ungdomsråd vedteke. Ungdomsrådet hadde gjennomgang og gjorde endringar i vedtektene den 25.09.2008 og den 03.11.2010. Formannskapet godkjente dei siste endringane den 15.02.2011 sak 11/20.

Midsund ungdomsråd gav utvalsekretær i oppgåve å ta ein gjennomgang av gjeldande vedtekter og kome med eit nytt forslag.

Vurdering:


Vedtekter vert drøfta i ungdomsrådet før dei vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Malvin Gjendem Bjørnerem
Saksbehandlar servicekontor

Vedlegg (prenta): - Forslag til «Vedtekter Midsund Ungdomsråd»
- «Vedtekter for ungdomsrådet i Midsund» - godkjent i formannskapet
15.02.2011

Vedlegg (uprenta):
Særutskrift går til:



Vedtekter Midsund Ungdomsråd

1.0 Mandat, formål og oppgaver

1.1 Formål

Ungdomsrådet i Midsund er eit demokratisk vald organ med formål å ivareta interessene til ungdommane i kommunen.

1.2 Oppgaver

- å ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen
- å vere orientert om alle saker i kommunen, gjennom å få tilsendt saksdokument
- å vere rådsorgan for kommunen i aktuelle saker
- å få til tiltak for barn og unge, evt. i samarbeid med andre i kommunen

2.0 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Valperiode

Ungdomsrådet vert valt for to år, med funksjonstid 1. oktober til 1. oktober komande år. Minimum halvparten skal fortsette for å sikre kontinuitet. Allmøte skal haldast innan 30.09 annakvart år. På allmøte har ungdom som bur i kommunen mellom 13 –21 år stemmerett.

2.2 Samansetjing

- 5 medlemmar med vararepresentantar.
- Medlemmane veljast på allmøte. Det skal vere lik kjønn samansetjing av rådet.

2.3 Konstituering

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

2.4 Talerett

- Leiar eller dei/den ungdomsrådet bestemmer har talerett i formannskap og kommunestyre.
- Ordførar og rådmann har møte-, tale- og forslagsrett på møta i ungdomsrådet.

3.0 Sekretariat

3.1 Rådmannen peikar ut sekretær for Ungdomsrådet.

3.2 Oppgaver for utvalseekretær:

- Hjelpe ungdomsrådet med å etablere nødvendig kontakt med kommunal organ.
- Hjelpe til ved val.
Har ansvar for kontinuitet i ungdomsrådet.
- Sjø til at ungdomsrådet fungerer etter intensjonane.
- Ha ansvar for opplæring.

4.0 Møteverksemd

- Ungdomsrådet har 8 møter i året, eller så ofte det er behov.
- Innkalling til møta med sakliste skjer frå ungdomsrådet sin leiar i samarbeid med utvalseekretær, minst 1 veke på førhand.
- Det skal førast referat/ møteprotokoll over alle møte i ungdomsrådet.
- Ungdomsrådet kan invitere politikarar og administrasjon til møte for å få orienteringar, stille spørsmål eller diskutere ei sak.
- Ungdomsrådet skal kvart år leggje fram ei årsmelding for kommunestyret.

5.0 Val og opplæring

- Val av representantar til ungdomsrådet skal skje på allmøtet innan 30.09. Vanlege avstemmingsreglar skal gjelde. Ei eiga valnemnd, valt av årsmøtet, kan førebu valet.
- Elevrådet ved ungdomsskulen har høve til å kome med tilråding på minst 2 kandidatar til ungdomsrådet.
- Opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang skal skje for kvar periode, der alle i styret inkl. varamedlemmar er til stades. Utvalseekretær har ansvar for at desse skuleringsmøta vert haldne.
- Val av representantar til ungdomsrådet skal godkjennast av kommunestyret.

6.0 Godtgjersle

Medlemne i ungdområdet skal ha godtgjersle etter vedtatt reglement for godtgjersle til folkevalde.

7.0 Endring av vedtektene

Vedtektene skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet kvart 2. år, og dei skal godkjennast av kommunestyret.



Vedtekter for ungdomsrådet i Midsund

1.0 Mandat, formål og oppgaver

1.1 Formål:

Ungdomsrådet i Midsund er eit demokratisk vald organ med formål å ivareta interessene til ungdommane i kommunen.

1.2 Oppgåvene til ungdomsrådet er m.a.:

- å ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen
- å vere orientert om alle saker i kommunen, gjennom å få tilsendt saksdokument
- å vere rådsorgan for kommunen i aktuelle saker
- å få til tiltak for barn og unge evt i samarbeid med andre i kommunen

Til kvart årsmøte bør det i tillegg ligge føre eit oversyn, gjerne prioritert, kva spesielle oppgåver rådet vil arbeide med i dei neste 1 – 3 åra. Oversynet skal ligge med årsmeldinga som skal sendast kommunestyret og utvalssekretæren for ungdomsrådet hjå rådmannen.

2.0 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Valperiode

Ungdomsrådet vert valt for to år, med funksjonstid 1. oktober til 1. oktober kommande år. Minimum halvparten skal fortsette for å sikre kontinuitet. Årsmøte/Allmøte skal haldast innan 30.09 kvart år med val. På årsmøte har ungdom som bur i kommunen mellom 13 – 19 år stemmerett.

2.2 Representantar og vararepresentantar - tal

- 5 medlemmar med vararepresentantar.
- Medlemmane velgjast på allmøte i fritidsklubben innan 30.09. kvart år. Det skal vere lik kjønnsamansetjing av rådet.
- Årleg budsjett til fri disposisjon av ungdomsrådet er kr 10 000,-.

2.3 Ungdomsrådet vel leiar og nestleiar. Kasserar og sekretær vert valt på ungdomsrådet sitt første møte.

I samarbeid med kontaktpersonen for ungdomsrådet har leiar for ungdomsrådet (evt nestleiar), talerett i hovudutval, formannskap og kommunestyre i aktuelle saker.

3.0 Kontaktperson

3.1 Kontaktperson skal vere utvalssekretær for Ungdomsrådet i rådmannen sin stab.

3.2 Oppgåver

Kontaktpersonen sine oppgåver er:

1. Hjelpe ungdomsrådet med å etablere nødvendig kontaktnett med kommunale organ.
2. Hjelpe til ved val
3. Kontaktpersonen skal sjå til at sekretær og kasserarfunksjon fungerer, og at rådet har orden på økonomien.
4. Har ansvar for kontinuitet i ungdomsrådet
5. Støtte rådet med å arrangere positive barne- og ungdomstiltak og vere rådgjevar i val av arrangement
6. Sjå til at ungdomsrådet fungerer etter intensjonane, - og evt melde driftsvanskar til formannskapet
7. Ha ansvar for opplæring i høve punkt 6.

4.0 Møteverksemd

4.1 Ungdomsrådet har møte 8 gongar i året, eller så ofte som det er behov. Innkalling til møta med sakliste skjer frå ungdomsrådet sin leiar i samarbeid med kontaktpersonen, minst 1 veke på førehand.

4.2 Ungdomsrådet bør kalle inn ordførar, rådmann og kontaktperson i administrasjonen til viktige møte t.d. årsmøte. Ungdomsrådet står fritt til å kalle inn ressurspersonar som støtte.

4.3 Kopi av referat frå møta i ungdomsrådet skal sendast ordførar, rådmann og kontaktperson i kommunen

5.0 Dagsorden

5.1 Opning
 Godkjenning av innkalling
 Godkjenning av dagsorden
 Statusrapport – økonomi v/sekretæren
 Gjennomgang av saklista
 Eventuelt

Årsmelding og rekneskap skal ligge føre og godkjennast på siste møte i året. Arbeidsliste med saker til oppfølging for neste år, skal leggjast ved protokollen.

5.2 Ungdomsrådet kan etter nærare avtale med kontaktpersonen nytte kopimaskin og porto på kommunehuset.

5.3 Val og opplæring

Val av representantar til ungdomsrådet skal skje på allmøtet innan 30.09. Vanlege avstemmingsreglar skal gjelde. Ei eiga valnemnd, valt av årsmøtet, kan førebu valet.

Elevrådet ved ungdomsskulen har høve til å kome med tilråding på minst 2 kandidatar til ungdomsrådet.

Opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang skal skje i kurs der alle i styret skal vere tilstades, innan 1. november kvart år. Kontaktpersonen har ansvar for at desse skuleringsmøta vert haldne.

Val av representantar til ungdomsrådet skal godkjennast av kommunestyret.

6.0 Endring av vedtektene

Vedtektene skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet minst kvart 3. år og skal godkjennast av formannskapet.

Vedteke i Midsund kommunestyre 17.02.2005 sak 05/005.
Endringar godkjent i Midsund formannskap 15.02.2011 sak 11/20.